

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Helga Hope
Arkivsaksnr.: 16/24 - 10

Arkiv: 146 A

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

MARTE MEO - SATSINGSOMRÅDE I KLEPPBARNEHAGEN

I Handlings- og økonomiplan 2016-19 har programmet «Være sammen» kome med følgande mål:

- Nyttja programmet "Være sammen" som grunnlag for sosial kompetanse og arbeid mot krenking og mobbing i barnehagane.
- Samhandla med føresette om programmet "Være saman" med sikte på å få til varme og grensesettande vaksne

Det har vore fokus på kvalitetane til dei vaksen og utviklingstøtta dei gjer til barnehagebarn. Kompetanseheving for alle tilsette og foreldre har vore det viktigaste i denne satsinga. Marte Meo-metoden har blitt prøvd ut som ei oppfølging av *Være saman*.

Etiske retningslinjer

I Kleppe friluftsbarnhage sitt SU har det vore stilt ein del spørsmål kring etiske retningslinjer, oppbevaring av film og lagring av film under utdanning. Helga Hope frå etaten var med på eit møte og tok imot innspel til vidare arbeid. Noko av innspela har vore sjekka med Marte Meo sentralt, barnevernstenesta i Klepp ved Randi Møller og advokaten til barnevernstenesta.

Det kjem til å bli utarbeida ein prosedyre for etiske retningslinjer og samtykkeskjema som skal leggst i Compilo. Dette vert lagt fram som ein orienteringssak i løpet av våren 2017.

Økonomi

Utdanninga til praktikargruppene kjem på 30.000 kr for heile løpet.

I det ligg ei utdanning og sertifisering av ei gruppe på 10 personar. Det har vore nytta kompetansemidlar frå fylkesmannen til å dekkja halvparten av kostnadene. Den andre halvparten har barnehagane dekkja av eigne kompetansemidlar. Fylkesmannen er orientert om at nokon av midla går til dette føremålet.

Terapaututdanninga kostar 7000 kr pr semester og går over 2 år.

Det blir nytta same modellen som praktikargruppene når det gjeld kostnadsdeling.

Vurdering: Gjennom denne satsinga har etaten og barnehagane blitt meir merksame på at kvalitet er avhengig av god kompetanse hos **alle** tilsette. Det er viktig at kompetansen går frå hovudet og ut i personleg veremåte. På bakgrunn av utprøvinga tilrår kommunalsjefen at Klepp kommune får ein felles grunnmur for rettleiing av tilsette i Kleppbarnehagen. Familieeininga i Klepp gjer tilbod om denne rettleiinga til foreldre i Klepp. Vi tenkjer heilskapleg og ønskjer at tilsette i barnehagen og foreldra skal ha noko av den same forståinga på korleis vi møter barn og gjer dei utviklingstøtte.

Vedlegg:

- PP med meir info om metodikken.

Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

Marte Meo metoden blir nytta som ein hovudmetodikk for å rettleia dei tilsette i Kleppbarnehagen. Metoden bli nytta til å vidareutvikla den profesjonelle aktøren i arbeid med barn og foreldre.

Rådmannen i Klepp 17.01.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.